



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

24.03.2020

Vår ref:

2020/4095

Dykkar dato:

28.02.2020

Dykkar ref:

201003462

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til planendringssøknad for Øvre Alsåker kraftverk i Ullensvang kommune

Fylkesmannen meiner at den nye utbyggingsplanen for Alsåker er positiv for naturmiljø og friluftsliv. For den nye røyrtaséen gjennom myr bør det stillast krav om avbøtande tiltak for å minimere dreneringa.

Vi viser til oversendinga 28. februar 2020 med planendringssøknad for Øvre Alsåker kraftverk.

Om planendringa

Inntaket skal flyttast frå Kumlevatnet på kote 661 til Alsåkerelvi på kote 480. Påverka elvestrekning vil bli redusert frå 2900 meter til 1550 meter. Maksimal slukeevne i prosent av middelvassføringa vil bli litt redusert, frå 200 prosent til 193 prosent. Det er planlagt minstevassføring på 5-persentilnivå i sommarperioden og 2*5-persentilnivå i vinterperioden. Årleg energiutbytte etter planendringa er venta å bli 12,0 GWh.

Vår vurdering

Planendringa har fleire klare fordelar for naturmiljøet og friluftslivet. Nedre Kumlevatnet blir spart for inngrep, og ei 1350 meter lang elvestrekning med to naturtypelokalitetar med verdi lokalt viktig får oppretthalde naturleg vassføring. Dette gjeld fossesprøytsone i Bergsgjelet og gråor-heggeskogen ved Øyane.

For strekninga frå det nye inntaket og til kraftverket vil den negative påverknaden av utbygginga auke, på grunn av auka vassuttak og mindre restfelt. Vidare er det opplyst at den øvste delen av røyrgata som må leggjast om, vil gå gjennom myr på ei 200 meter lang strekning, før den møter den konsesjonsgitte traséen. Det bør stillast krav om at køyring på og graving i myr blir gjort så skånsamt som mogleg, og at topplag blir lagt tilbake, slik at ein unngår drenering av myra med tilhøyrande nedbryting av dei store karbonmengdene som er lagra der.

Vi meiner at den nye utbyggingsløysinga samla sett vil vere ein klar føremon for naturmiljø og friluftsliv.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune Opheimsgt. 31 5750 ODDA